

**Kontrollert brann på Flatholm**

24.04.2010

**Løa er snart ein saga blott**

**Dei som vart urolege mellom klokka 9 og 10 i føremiddag då tunge røykskyer steig opp over Flatholm kan roa seg ned:**

**Brannen på toppen av holmen var i høgste grad kontrollert!**



Påtenning i gang!

Det var den rundt rekna 100 år gamle løa som vart brent, som ei ekstraordinær øving for branntroppen. Øvinga gjekk planmessig og greitt føre seg og halve troppen var i aksjon. Etter omrent ein time var det gamle huset borte.



Jobben er gjort. Dei fire er Kjell Tungevik, Kjell Erik Taranger, Sindre Eidsvik og Tor Øystein Myklebust. Runar Myklebust var også med. Nokre av den eldre garde knytta gode minner til løa. Der var det i si tid også mjølkeproduksjon. Men no er det lenge sidan huset hadde nokon funksjon og då var det praktisk å gjennomføra siste del av riveprosessen som ei

brannøving.

Branntroppen viste nok ein gang høg beredskap og øvinga må - sjølv om ho ikkje var planlagt som det - kunne tolkast som eit innlegg i debatten om troppen bør få leva vidare eller ikkje. Saka skal opp att i formannskapet 6. mai.

Av Ola Matti Mathisen